



Fronnes i Aurlandsfjorden

Skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv



<p>Tittel: Fronnes i Aurlandsfjorden; skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv.</p>	<p>Rapport nr: Aurland Naturverkstad Rapport 6/2006</p>
<p>Forfattar: Siri Wølneberg Bøthun</p>	<p>Dato: juni 2006</p>
<p>Prosjektleder hjå oppdragsgjevar: Tom Dybwad</p>	<p>Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</p>
<p>Referanse: Bøthun, S. W. 2006. Fronnes i Aurlandsfjorden; skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. <i>Aurland Naturverkstad Rapport 6/2006</i>, 27s. + vedlegg</p>	
<p>Forsideillustrasjon: Øvst: Fronnes i mai, sett frå vegen mot Vikesland. Nedst til venstre: Jettegryter i Frondøla i april. Nedst til høgre: Frå den gamle stølsvegen mot Frondalen. Alle foto: S. W. Bøthun.</p>	
<p>Referat: Etter tilråding i forvaltingsplan for Nærøyfjordområdet er det utarbeidd ein plan for skjøtsel og tilrettelegging på Fronnes i Aurlandsfjorden. Planen tek omsyn til kulturlandskapskvalitetar, automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne, og bruk i samband med beite og friluftsliv.</p>	
<p>Emneord:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kulturlandskap Friluftsliv Fornminne Kulturminne 	
<p>Produsert av: Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e-post: kontorpost@aurland-naturverkstad.no</p>	

Forord

Fronnes er til stor glede for både lokale og besøkande som rekreasjonsstad. Her kan opplevinga av ein vakker foss i eit mektig juv og viktige kulturminne kombinerast med grilling og bading. Ein tradisjonsrik stølsveg fører til fjells og dalen er segnomsust, knytt til saga om kong Sverre.

Aurland Naturverkstad har hatt i oppdrag frå forvaltingsmynda å sameine dei ulike interessene på Fronnes i ein skjøtsels- og tilretteleggingsplan.

Planen er utarbeidd etter initiativ frå SNO, på oppdrag for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han er arbeidd fram i dialog med både SNO avd. Aurland, miljøvernavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, kulturminneavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland kommune. Rettshavarar, grunneigar og ein viktig friluftslivsaktør er og vorte inviterte til å kome med innspel undervegs, noko som er positivt fylgd opp.

Planen er utarbeidd av Siri W. Bøthun ved Aurland Naturverkstad med både praktisk og fagleg støtte frå Rein Arne Golf ved SNO, avd. Aurland. Ansvarleg hjå Fylkesmannen har vore Tom Dybwad. Kontaktperson ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, avd. for kulturminne har vore arkeolog Eva Moberg og kontaktperson for Aurland Kommune har vore Claus Røynesdal. Takk for alle gode innspel.

Ein takk rettast til lokale informantar, bruksrettshavarar og eksterne brukarar av Fronnes.

Aurland 29.06.2006

Siri Wølneberg Bøthun

Innhald

1. Innleiing	7
2. Formål	8
3. Metode.....	9
4. Områdeskildring.....	10
5.1 Naturtilhøve og landskap	10
5.2 Historie	11
5.3 Tilstanden i dag	12
5.3.1 Ytste Fronnes (nordsida av elva):.....	12
5.3.2 Inste Fronnes (sørsida av elva):.....	14
5.3.3 Vegar og stiar	16
5.4 Verdier.....	17
5.4.1 Kulturlandskap	17
5.4.2 Kulturminne	17
5.4.3 Beite	19
5.4.4 Friluftsliv	19
6. Tiltaksplan.....	20
6.1 Rydding av einer, kratt og lauvskog.....	20
6.2 Vedlikehald av arealet	21
6.3 Synleggjering av kulturminne	21
6.3.1 Framrydding av gravminne	22
6.3.2 Tiltak ved nyare tids kulturminne	22
6.4 Tilrettelegging for friluftsliv	23
6.4.1 Leirbåls plass.....	23
6.4.2 Telt plass	23
6.4.3 Utedo	23
6.4.4 Informasjonsoppslag	23
6.4.5 Stiar	25
Kjelder.....	26
Vedlegg:	
1 Kart for skjøtsel	
2 Kart over kulturminne	
3 Utdrag frå Fornminneregisteret	
4 Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde	

1. Innleiing

Fronnes ligg idyllisk til som eit markert nes på vestsida av Aurlandsfjorden, mellom Flåm og Aurland. Neset ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde (verna i Kgl. res. 08.11.2002), som er ein del av sørområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.07.2005, under det 29. verdensarvkomitémøte). Framlegget til forvaltingsplan for Nærøyfjordområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2004) peikar på Fronnes som eit prioritert område for skjøtselstiltak både med omsyn til kulturlandskapet og for friluftsliv.

Neset ligg innunder G.nr./bnr. 30/16, og grunneigar er kraftselskapet E-CO vannkraft.

Området nyttast både av lokale og av turistar som ilandstigingsplass for småbåt og kajakk. Her er og ein del telting. Neset har ei viktig gravhaugsamling. Dessutan vert det framleis nytta som utmarksbeite for sau. Tidlegare har området vore nytta til slåttemark og beitemark for geit. Slåttebruken har opphøyrd og beitebruken er sterkt redusert, noko som fører til kraftig gjengroing av einer. Gråorskogen utvidar seg og kraftig. Ein kan likevel framleis sjå att strukturar etter den gamle bruken. Noko slåttemark er framleis ope, og steingarden som heldt beitedyr ute frå viktig slåttemark, er framleis høg og intakt over lengre strekkjer. Forutan fortidsminna og spora etter slått og beite fortel veiter og murar om utnytting av kraft frå elva til kvernhus og sag.

Planen skal ta omsyn til både landbruksverksemd og kulturlandskap, rekreasjon og viktige kulturminne.

Planen plasserer ikkje ansvar, men er meint som eit rettleiande hjelpemiddel både for statleg forvaltning av verneområdet og kommunal forvaltning av friluftslivsressursar, og for dei som vert sett til å gjennomføre konkrete skjøtselstiltak.

2. Formål

Formålet med planen er tredelt. Ein vil freiste å ta vare på kulturlandskapskvalitetar, ta vare på både automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne samstundes som dei vert meir synleggjort. Ein vil dessutan legge til rette for friluftsliv slik at den aukande bruken av Fronnes som rekreasjonsområde ikkje kjem i konflikt med kulturminne og husdyrhald. Tiltaka bør ikkje kome i konflikt med behova til rettshavarane i området. Tiltaka bør forbetre beiteverdien og gjere sauesanking enklare.

Fronnes har framleis nokre opne areal og mykje areal som er i varierende fase av gjengroing. Eit av delmåla er å ta vare på dei kulturlandskapskvalitetane området framleis har, og opne opp landskapet slik at det får tilbake noko av sitt opphavlege preg. Det er ikkje noko mål å fjerne all vegetasjon for å gje inntrykk av intensiv drift. Planen freistar heller å finne eit realistisk mål som vil føre området tilbake til eit stadium av aktiv, men noko ekstensiv drift, som har vore typisk for siste generasjon si utnytting av areala "bortom" (på motsett side av fjorden for garden). Neset er tydeleg kulturpåverka og beite- og slåttebruk bør syne att i landskapet.



Figur 1 Starten på stølsvegen frå Inste Fronnes

3. Metode

Kunnskapsinnsamling

Kunnskap om området har vore samla inn ved hjelp av intervju av dagens bruksrettshavarar og førre generasjons brukarar på Fronnes og i Frondalen (nedlagd gard som var nytta som støl til fram på 60 talet), litteratur, studie av flyfoto og synfaring på staden.

For den historiske bruken har ein henta stoff i Gardssoga for Aurland (Ohnstad 1996). Kunnskap om fornminna er henta i fornminneregisteret, Askeladden (nettsidebasert arkiv hjå Riksantikvaren). Fagkyndig frå kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen er og involvert. For nyare tids kulturminne er det gjort synfaring på staden, og det er dessutan gjort intervju av folk som har vore knytt til staden.

For å finne ut noko om endringane i vegetasjonen er det gjort intervju av eldre personar som hugsar tilstanden då området enno vart nytta til både slått og beite. Ein reknar med at området har vore enno meir ope enn dette under perioden med mest intensiv drift på slutten av 1800 talet. Det er og lånt inn eldre flyfoto, tekne i 1971. Då var allereie bruken redusert og gjengroinga byrja, men gjengroinga var komen mykje kortare enn i dag.

For friluftsbuiken er det gjort intervju av grunneigarar og teke kontakt med ein kommersiell aktør som nyttar området i guidesamanheng. Kommunen sin kulturansvarleg er og involvert i prosjektet.

For den næringsmessige bruken er det gjort intervju av bruksrettshavarar.

Forslag til skjøtsel

Dei føreslegne skjøtselstiltaka har kome fram gjennom kontakt med både brukarar og forvaltning. Mellom anna har det vore arrangert ei synfaring med forvaltninga og bruksrettshavarar der føreslegne tiltak vart diskutert og tilpassa.

Inndeling av området

Ytste- og Inste Fronnes har forskjellig brukshistorie og ulike kulturminneverdiar. Innafor desse sidene er det og soner som har forskjellige verdiar og som er i ulike stadium av gjengroing. Området er difor i planen delt opp i delområde og ulike soner (sjå kart, vedlegg 1). Areal der det ikkje er framlegg om prioriterte tiltak, har ikkje fått noka inndeling.

Ytste Fronnes:

- To delområde er peika ut for kulturlandskapsskjøtsel
 - delområde A slåtte/beitemark nede på flata ovanfor den nordre stranda (inneheld og ei sone for fornminne)
 - delområde B beitemarker, tidlegare slåttemarkar oppe på grusterrassen
- Eit delområde som ei sone for nyare tids kulturminne, delområde C

Inste Fronnes:

- Tre delområde peika ut for kulturlandskapsskjøtsel
 - delområde D enga like sør for elva og elveosen
 - delområde E terrasseflata med einer
 - delområde F enga ved Flesjahammaren, lengst sør på neset
- Eit delområde for fornminne, delområde G

4. Områdeskildring

5.1 Naturtilhøve og landskap

Fronnes er eit markert nes i Aurlandsfjorden. Denne austvende fjordsida er bratt men langs stranda er det fleire nes av rasvifter. Dessutan er det elveavsetningar utfor utløpet til mindre elvar.

Fronneset er danna ved utløpet av elva Frondøla. Sørsida av elva kallast inste Fronnes og nordsida kallast ytste Fronnes (etter "inn" og "ut" fjorden). Sjølve neset er bygd opp av skredmateriale og elveavsetningar og har to høgdenivå. Det øvste nivået er ein grusterrasse med bratt skråning. På nordsida er terrassen høgare enn på sørsida.

Den nordlege terrassen er gamal slåttemark, no beitemark i gjengroing. Det er framleis ei opa sone midt i området, men einer kryp inn frå kantane. Nedanfor denne terrassen er ei flate dominert av gråorskog. På nordlege delar av flata ligg ei gamal slåttemark. Slåttemarka er avgrensa vestover av ein steingard og sørover av gråorskog. Elles vert ho avgrensna av stranda.

Den sørlege terrassen ligg lågare i terrenget. På terrasseflata har det vore beitemark, men no er vegetasjonen i hovudsak tett einer. Det er opna nokre gater og stiar for å lette sauesankinga. Nedre nivå er delt i to mindre flater som består av eng delvis attgrodd av einer. Engene avgrensast nedover mot sjøen av strand. Mellom desse engene går terrasseskråninga heilt ned i sjøen. Skråninga er her bygd opp av rasmassar og ikkje grus. Langs kanten av denne terrassen ligg ei samling av i alt 9 gravrøyser av ulik storleik. 2-3 av desse er godt synlege i terrenget og kan oppfattast som gravminne også på avstand.



Figur 2 Frondøla lager juv og jettegryter

Ovanfor neset skjer Frondøla seg langt ned i berget og har danna eit spektakulært juv med blankskurte jettegryter. Elva dannar i dette området to flotte fossar. Under nedste fossen ligg nok ein liten foss som går ned i ein liten kulp. Ved den øvste fossen er ei større fosserøyksone i ei graskledd bratt side som orienterer seg mot elva. Ved utløpet av elva er eit delta som på land er bygd opp av høvesvis grove massar. Elva har kraftige vårflaumar, og deltaet endrar seg år om anna. I større flaumar flytter elva mykje stein som er lagt opp langs elvebreddene.

Fossane og kulpen er populære mål for turistar som vil oppleve norsk fossenatur på nært hald. Gravrøysene på den sørlege terrassen er og ein viktig del av opplevinga.

5.2 Historie

Fronnes har ei lang brukshistorie. Jernaldertufta syner aktiv bruk i minst 1000 år. Ennå før dette, truleg i bronsealder (1500 – 500 BC) var neset nytta som gravplass. Opphavet til gravrøysene kan tolkast på fleire måtar. Eit forslag som kjem fram i bygdeboka, er at det kan ha vore garden Otternes på andre sida av fjorden, som har hatt gravrøysene sine der.



Figur 3 Terrasseskråninga på insta Fronnes med gravrøyser dels skjult av gjengroing.

Fronnes har i kjend tid tilhøyrd Onstad. Dei hadde både vår- og hauststølar og fjellstølar ”Bortom” (dvs. på andre sida av fjorden), og Fronnes har vore vårstøl for bnr. 1. Denne stølen var allereie nedlagd i 1930. Etter at stølsdrifta på neset opphøyrde, vart området framleis nytta til slått og beite, i hovudsak geitebeite. Elva har vore ei viktig kraftkjelde, og Onstad hadde fleire kvernhus på staden. Eit sagbruk var i drift frå kring 1800. Både sagbruksdrift, slått og geitebeite opphøyrde i løpet av 1940 åra. Kverndrifta var slutt enda før dette. I Frondalen vart det drive støl fram til 1963, og vegen må ha vore halden i kløvbar stand minst fram til dette. Etter opphør av stølsdrift og slått har einaste næringsmessige bruk vore sauebeite. Også dette er gradvis redusert dei seinare åra.

Garden Frondalen vart kjøpt av Krisitania stålverk i desember 1917 for å få hand om fallrettane til Frondøla. Desse vart kjøpt opp av Oslo lysverker (i dag E-CO vannkraft) 29 april 1957. Kraftselskapet eig både grunnen på Fronnes og fallrettane i Frondøla. Dei tidlegare grunneigarane på Fronnes har fått halde på bruksrettane i samband med beite.

5.3 Tilstanden i dag

Fronnes som slåtte- og beiteområde er no under kraftig gjengroing, i hovudsak av einer og gråor.

Tidlegare har området vore nytta til slåttemark og beitemark for geit. Slåttebruken har opphøyrd, og beitebruken er sterkt redusert noko som fører til kraftig gjengroing av einer. Gråorskogen utvidar seg og kraftig. Lokalfolk seier at veksten av skog og einer har skote større fart dei siste ti åra. Dei enno opne areala minkar no kvart år. Ein kan likevel framleis sjå att strukturar etter den gamle bruken. Noko slåttemark er framleis ope, og steingarden som heldt beitedyr ute frå viktig slåttemark, er framleis høg og intakt over lengre strekkjer. Utanom fortidsminna og spora etter slått og beite, fortel veiter og murar om utnytting av kraft frå elva til kvernhus og sag.



Figur 4 Oversiktsbilete teke i april syner tydeleg dei fire opne men gjengroande areala og dominansen av einer på Inste Frønnes og gråor på Ytste Frønnes

5.3.1 Ytste Frønnes (nordsida av elva):

Det er Ytste Frønnes som har vore nytta lengst til slått. Her går nokre få sauer (+/- 3) i året på beite, avsperra til neset, som er med på å bremse gjengroinga noko. Denne sida har difor større areal som framleis er ope eller delvis ope.

Delområde A: Slåttemark, no beite

Slåtten opphøyrde på 1940- talet, men beiting har halde arealet ope. Einskilde einer skjemmer inntrykket av slåttemark. Her er to tufter; ei som truleg er frå nyare tid, og ei eldre datert til jernalder. Det er og ei gravrøys som ligg i utkanten av slåttemarka. Jernaldertufta og gravrøysa er nyare registreringar gjort i samband med arbeidet med Økonomisk kartverk. I utkanten av enga ligg eit taubanefeste med to vaierar framleis oppspente.

Fronnes har ein gong vore nytta som støl (vår- og hauststøl). Utanfor slåttearealet, like inne i gråorskogen, ligg ei større tuft som skal ha vore støls hus. Den nyare tufta på enga kan ha vore ei løe eller eit anna mindre bygg knytt til stølsdrifta.

Enga har grasdominert vegetasjon og liten grad av grove gjengroingsartar, og noko tuedanning. Orkidear veks på enga (observerte blad, ikkje artsbestemt). Noko perikum, bringebær i kantane. Lauvtre kjem inn frå sør og aust. Stranda nedanfor er landingsplass for i hovudsak lokale brukarar og nyttast til grilling og bading. Ho er rydda fri for stein dei siste åra for å få betre badetilhøva.

Delområde B: Beitemark oppe på grusterrassen under berget, tidlegare slåttemark

Her finn ein noko perikum. Opne areal har grasdominert vegetasjon. I søkk, område med grovare substrat og oppunder berget kjem gjengroingsartar inn, i hovudsak bringebær og store bregne, truleg einstape (tolka ut frå storleik, vekstform og voksestad, ikkje artsbestemt grunna tidspunkt for synfaring). Kring eineren veks gras og flekker med store bregne. Kraftig vekst av einer i kantane.

Heile dette arealet har vore slåttemark i aktiv hevd til fram på 1940- talet (pers. med. Johannes Ohnstad). Flyfoto frå 1971 syner at området framleis var heilt oppe då.

Delområde C: Skogkledd område langs elva

Dette er eit område med tydelege spor etter bruk av elvevatn til kraft. Øvst i feltet er eit veiteuttak til ei stor veit med mura sider. Denne veita går heilt til sjøen. Nede ved sjøen ligg ein mur som er restar etter ei sag som sto her (sjå kap. 5.4.2, Kulturminne). Mellom veita og elva ligg og fleire murar etter kvernhus. Dette området ligg inne i eldre gråorskog. Ingen informantar kan hugse anna enn at det har vore skog i dette området.



Figur 5 Ytste Fronnes, april 2006

Gråorskogen som ligg utanfor delområde A og B, men i overlapp med delområde C, kan og delast i tre. Her er ikkje framlegg om konkrete skjøtselstiltak. Desse areala er difor ikkje merka særskild ut på kartet. Den eldre gråorskogen av typen flaummarksskog som ligg langs elva, utgjer ein eigen naturtype. Skogen er høvesvis næringsrik og har eit våraspekt med m.a. gullstjerne og lerkespore. Skogen nede på flata er ein gradvis overgang frå flaummarksskog til meir gjengroingsskog på tørrare mark, som no byrjar å oppnå ein viss alder. Her er høgvaktsne gjengroingsartar som nesle og bringebær dominerande. Nær elva, men på tørr mark, står ei eldre, einskild alm. I terrasseskråninga mellom dei to slåtte- / beiteareala står ein noko yngre gråorskog. Her er ein tørrare, sandhaldig mark brote opp av mindre urar. Dette arealet har tidlegare hatt eit turrbakkeprega engsamfunn.

Over enga i delområde B ligg ein bergvegg. Over denne, i ein sørvend skråning står ein veletablert almeskog. Almen står i tilnærma rein bestand. Berre svært få av trea har spor etter styving, og desse er tydeleg gamle, med kraftige trestammer over stuvn.

5.3.2 Inste Fronnes (sørsida av elva):

Delområde D: Eng nedst mot sjøen på elvedelta

Denne enga avgrensast av flaummarksskog mot nord, elv og strand mot nord-aust, aust og søraust, og "eineskog" mot vest og sørvest. Her veks spreidde einer. Elles er området grasdominert. Mot elva ligg ei steinrøys kor det veks ei selje. Oppover terrasseskråninga vert eineren gradvis tettare. Eit stykke inn på enga er det etablert ein bål plass med benkar kring. Det er og ein steinring med bålrestar i nærleiken, utan arrangerte sitjeplassar. Stranda er landingsplass for kajakkpadlarar på guida tur.

Delområde E: Terrasseflata sør for elva

Denne terrassen er flatare enn tilsvarende på Ytste Fronnes. Mykje av marka verker rydda og her er røyser som godt kan vere gamle rydningsrøyser. Dette tyder på at området har vore nytta til slått, sjølv om dei som i dag er i 70 – 80 åra, ikkje kan hugse anna bruk enn beite, i hovudsak til geit. Området er i dag nærast ein skog av einer. Hovudstien i overkant av terrassen har vore halden open i god breidde av beitedyrseigarane. Nær stien er ein uvanleg stor oppstamma søyleeiner som har vore freda av brukarane. Elles er det opna opp to striper på tvers av terrassen, og ein nyare sti er halden open på langs for å lette sankinga. Den gamle stien frå elveosen og oppover er open eit stykke, men er attgrodd i øvre delar av terrassen.

Eldre lokalfolk fortel at denne flata hugsar dei som ein einerhage, dvs. beitemark med noko einer. Sjølve flata har vore mest heilt open, medan eineren fekk vekse ut mot kantane av terrassen. Flyfoto frå 1971 syner at flata då hadde ein god del einer, men vesentleg mindre tett enn i dag.

Delområde F: Enga ved Flesjahammaren, lengst sør på neset

På sjølve Flesjahammaren, som er eit lite sva, står ei samlekve. Eit samlegjerde går ned frå svaet og vidare i ei boge vestover. Enga har spreidde einer og klunger. I bakkant vert eineren gradvis tettare. Oppover mot fornminnefeltet er det og ein god del einer. Stranda og hammaren er landingsplass for rettshavarane og elles i hovudsak lokale brukarar.

Delområde G: Fornminne

Delområdet omfattar feltet med gravrøyser. (NB! det er ikkje samsvar mellom delområdeavgrensinga og fredingssona kring automatisk freda kulturminne. Denne er på 50 m omkrets). Dei ni gravrøysane varierer i storleik frå nesten heilt flate, men runde røyser frå 3,5 m i tverrmål til 1,5 m høge og 12 m i tverrmål (sjå vedlegg 3, utdrag frå fornminneregisteret). 8 er registrert av Per Fett (1952) og ein er ei nyregistrering i samband med arbeidet med Økonomisk kartverk. Området er tilvaks med einer og einskilde mindre og mellomstore bjørketre veks i området, gjerne tett inntil røysene. Ved fleire av røysene er vegetasjonen så tett at det sperrar heilt for utsyn mot fjorden. Berre eit par av røysene kan oppfatast frå fjorden (for dei som veit kva dei skal sjå etter), (sjå fig. 3).



Figur 6 Einer sperrar for utsynet, her frå gravhaug nr. 7

Utanom desse areala er det ei sone med rasmark i terrasseskråninga mot fjorden, under delområde for fornminne. Denne har delvis vakse til med einer og har noko bjørk. Kring delområde C og eit stykke utover langs fjorden er det tidlegare ope areal som no er kraftig tilgrodd med einer. I skråninga over delområdet veks lauvskog, i hovudsak gråor-heggeskog med mykje hegg og innslag av meir krevjande treslag som alm og hassel. I nokre soner dominerer bjørk, og skogen er broten opp av steinrøyser. Høgare oppover mot Frondalen kjem bjørka gradvis sterkare inn.



Figur 7 Inste Fronnes, april 2006

5.3.3 Vegar og stiar

Hovudstien er stølsvegen frå Fronnes og oppover til fjellstølar i Frondalen og på Lintu. Dette har vore ein kløvjeveg, og den er murt opp med tørrmur i svingar oppetter sida. Som tursti er vegen i brukbar stand, men murane er i ferd med å rase ut på eitt kritisk punkt. Vegen har vore halden ved like av brukarane, dei siste åra av bruksrettshavarane på Håvasete. Men vegen har vorte gradvis mindre brukt. Innanfor det området planen omfattar, er vegen framleis i god stand. Den gamle traseen for dyredrift som gjekk frå elveosen og opp over terrasseflata, er delvis attgrodd. I øvre delar av terrasseflata er han heilt tettvakse med einer.

Det går fleire trakk og småstiar på neset som går mellom dei ulike engene. Det går og stiar på kvar side av elva opp til kulpen der det tidlegare låg ei bru.

Ein mindre sti tar av frå stølsvegen og går fram til øvste fossen.



Figur 8 Stølsvegen er lett å fylgje innanfor området til skjøtselsplanen

5.4 Verdiar

5.4.1 Kulturlandskap

Fronnes representerer ein kulturmarkstype som er i ferd med å forsvinne, nemleg utslått og meir intensivt beita areal i utmark. Området er svært representativt og illustrerer utnyttinga av areala langs fjorden. Alt tilgjengeleg areal flatt nok til å ha fått etablert eit torvlag har vore nytta til slått og/eller beite (særleg geitebeite). Neset ligg svært eksponert til og er eit blikkfang frå andre sida av fjorden. Det er soleis eit viktig landskapselement. Området er kontrastfylt då det varierer mellom framleis ope areal med tydeleg kulturpåverka vegetasjon (eng), areal i delvis gjengroing og areal som er ”teke tilbake av naturen”. Ein har og område med flaummarksskog av gråor nede langs elva.

5.4.2 Kulturminne

Gravrøyssamlinga på Fronnes er den største i Aurland kommune. Langs terrassekanten sør for elva ligg som nemnd i alt 9 registrerte gravrøyser. Røysenes plassering og fasong tyder på at dei er frå bronsealderen (1500 – 500 f.kr.) (pers. med. arkeolog Eva Moberg, Sogn og Fjordane fylkeskommune) men ingen av haugane er daterte eksakt. På slåttemarka ovanfor stranda på Ytste Fronnes ligg ytterlegare ei gravrøys. Her er og ei tuft, begge kulturminna er oppførte med datert til jernalder i Askeladden (Riksantikvaren sitt kulturminneregister på nett). Metode for datering er ikkje oppgjeve, og han lyt reknast som usikker.

Neset har og ei rekke kulturminne frå nyare tid som ligg i terrenget som murar og tufter. Desse kulturminna er ikkje daterte.

Fleire bruk har hatt naust på Fronnes. Grunnmurane til eit naust er særleg tydelege, omlag 100 m sør for elveosen. Her er enda tydeleg båtopptrekk frå sjøen til nausttufta. Tufta kallast Naustet hans Sjurola. Naustet skal ha stått til fram på 1940 - talet.

På Ytste Fronnes av elveosen ligg murane etter eit sagbruk. Saga vart truleg sett opp kring førre århundreskifte (Ohnstad 1996) Ho var i drift fram mot krigen. Saga var eigd av gardane Otternes, Li, Vikesland og eitt bruk på Onstad i saman. Etter krigen var overbyggingen, som besto av ein vegg og eit mønetak, falleferdig. Saga med benk, sagblad og ruller vart då kjøpt av Knut Otternes Lie og flytt over fjorden. Denne saga er framleis i drift.

Vatn til drift av sagi vart teken ut av elva i ei stor veit. Veita har oppmurte sider og viser framleis godt i terrenget. Ein trestokk som kan vere restar etter lukkemekanismen for å sette vatnet på og av veita, visast framleis. Veita kryssar steingarden og renn vidare innanfor.

Under veiteuttaket og nedover langs elva ligg fleire tufter etter kvernhus. Her er minst 6 tydelege tufter, og fleire murar som mest truleg har samanheng med drift av kverner. Folk i 70 – 80 åra som var mykje på Fronnes i barndom og ungdom kan ikkje hugse at det har stått kvernhus her, men det låg lenge 4 kvernsteinar på neset som vitna om tidlegare bruk. Kvernhusa skal ha tilhøyrt Onstad (stadnamregisteret i Aurland).

Det er to feste for løypestrenger på neset. Den eine ligg på Inste Fronnes like over elveosen. Dette ligg i dag att som ei røys. Den andre er ei meir avansert taubane. To vaierar er festa i eit støypt fundament på terrassekanten utanfor slåttemarka på Ytste Fronnes. Sjølv om vaierane framleis heng oppe, er bana ute av bruk og ikkje i stand.



Figur 9 Stein utgjør mange typar kulturminne: øvst, v: murar etter kvernhus, øvst, h: gravhaug nr. 6 (foto: rein Arne Golf), nedst, v: murar etter stølshus som forsvinn i skog, nedst, h: steingarden på ytste Fronnes.

Utanfor slåtteearealet, like inne i gråorskogen ligg ei større tuft som har vore stølshus. Fronnes vart sist nytta til vår- og hauststøl av Lensmannsgarden (bnr.1). Sidan vart eigedomen teken over av andre på Onstad, som nytta området som slåtteeareal til fram på 40 - talet. Stølen er registrert i ei undersøking kring norske stølar i Noreg gjennomført på 1930 - talet av Bondesamfunnsavdelinga ved Institutt for samanliknande kulturforskning i Oslo (Sætrar og Sæterbruk i Noreg). Han var på den tida allereie nedlagd. Den nyare tufta på enga kan ha vore ei løe el. anna mindre bygg knytt til stølsdrifta. Det høge steingjerdet som framleis er mykje intakt har og truleg vore knytt til stølsdrifta.

Hovudvegen oppover Frondalen er og eit viktig kulturminne. Veggen har vore god nok for kløvjing, og stigninga er tilpassa med svingar slik at ein kløvhest kan gå der. Stien har opphavleg hatt god breidde, og i nedre delar syner dette framleis godt att. Veggen er murt opp med tørrmur over lengre parti. Delar av murane har rast ut. På ein kritisk plass er murane no på veg til å gli heilt ut.

Langs fjorden nordover frå sagbrukslokaliteten er ein del murar ein ikkje kjenner funksjonen til. Nokre av dei kan ha samband med naust då det skal ha vore fleire naust på neset.

Registrerte stadnamn:

Seten: Øvste terrasse på Ytste Fronnes

Sagi og Kvernastøene: Sag- og kvernhustuftene

Oreviki: Vik rett nord for planområdet

Øvste seten: Flatare parti over hoggberget nord på Fronnes

Grindi: Tradisjonell plass å stengje når ein vil halde beitedyra nede på Fronnes

Flesi: Ordet betyr hamn, støl, slipp o.l. Lokaliteten ligg ved Flesjahammaren (same namnstamme), og nyttast framleis som lasteplass og hamn.

Fossen – treng ikkje forklaring

Grønehaug – ein flatare haug med utsikt over nordlege delen av Fronnes.
Fosslaupen – ein plass det var farleg å ta seg fram like på nordsida av fossen
Over planområdet er namn på fleire skor:
Kalvaskorane
Lambaskori
Langaskorane

Kan namna Seten og Øvste seten vise til gamle stølar eller busettingar?

5.4.3 Beite

Berre mindre delar av potensialet som beitemark vert nytta i dag. Det er no berre ein brukar som nyttar området til beite for sine sauer. Han slepper om lag 130 sau og lam til saman. Dei vert slepte her og går til fjells av seg sjølv. På Ytste Fronnes går nokre sauer som ikkje skal sleppast til fjells av forskjellige årsakar, gjerne to – tre stk. Om hausten vert sauene samla i kve på Flesjahammaren og frakta tilbake i båt.

Området er best som vårbeite. Seinare utover sommaren kan det lett verte tørt her.

5.4.4 Friluftsliv

Fronnes er ein viktig rekreasjonsplass både for lokale og for tilreisande. Lokale brukarar reiser gjerne ut i mindre båtar med påhengsmotor og reiser ut for å bade og grille. Det finst ikkje registreringar for kor mykje området vert nytta. Det er få plassar langs fjorden som er like tilgjengelege for ilandstiging frå småbåt som Fronnes. Neset, med i alt 3 adskilte strender, vert soleis viktig som rekreasjonsområde i nærområdet til busetnad. Grilling/bading av lokale går helst føre seg på den nordlege stranda.

Flesi (sørlege strand) nyttast og som utgangspunkt for turar opp Frondalen. Der ligg både fjellstølen Håvasete og fiskevatn med fjellaure. Ein kjem og vidare opp i snaufjellet herifrå. Flesjaneset er neset ved denne sørlege stranda. Det er denne plassen som vert nytta for ilandstiging i beitesamanheng.

Besøkande på fjorden, då ofte kajakkpadlarar, nyttar og Fronnes som ilandstigingsplass og iblant vert det og telta her. Det kjem og fotturistar ned dalen som har gått over fjellet, som vert henta eller har avtalar så dei har kajakkar som ventar på Fronnes. Denne bruken er sterkt aukande.

Eit selskap som driv med guida padleturar, nyttar Fronnes aktivt i sitt tilbod gjennom dagleg oppsette turar. Fronnes er fletta inn i eit tilbod der ein under padleturen får oppleve nærkontakt med ein fantastisk foss (Frondøla). Dei formidlar historie på turane sine, og fortel saga om kong Sverre som hamna på den no nedlagde garden Frondalen høgare opp i dalen, på ei segnomsust farleg ferd over fjellet mellom Voss og Flåm. Inkludert i turen er servering av lunsj frå lokale produsentar. Serveringa går føre seg frå tillaga leirplass med fast bålplass med enkle, låge benker rundt. I nærleiken har dei sett opp ein lavvo for turar i regnver. Denne bruken er avklara med grunneigar og bruksrettshavarar. Selskapet opplever at desse turane aukar i popularitet.

Det er svært populært å gå fram mot den øvste fossen for å sjå fossen på nært hald og oppleve fosserøyken. Det går ein enkel men noko bratt sti frå stølsvegen fram til fossen.

6 Tiltaksplan

Det konkrete målet for ryddinga er å oppnå ein mosaikk av ope beite, beitehage, og beita skog. Det er av omsyn til ressursbruken sett av område som ikkje vert skjøtta. Desse kan vere gode som referanseområde og vil danne ein kontrast mot dei skjøtta areala og soleis framheve desse.

NB! Mange av tiltaka som er nemnde her, må ha løyve etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, sjå vedlegg 2.

6.1 Rydding av einer, kratt og lauvskog

Kartvedlegget deler området inn i ulike sone etter tilstand og mål for skjøtselen:

Sone 1: Ope areal – mål å halde heilt ope.

Sone 2: Gjengrodd areal som bør tynnast eller ryddast heilt.

Sone 3: Gjengrodd areal som har vore dels ope, bør tynnast eller ryddast som 2. prioritert.

Prioriterte område:

Delområde A; Slåtte/beitemarka på flata ovanfor den nordre stranda

- Fjerne einer i sone 1 (arealet mellom oreskogen, stranda og steingjerdet).
For areal merkt sone 2:
- På arealet bakanfor steingjerde: Fjerne ung gråorskog på det flatare arealet ned mot steingarden. I aust – opp til ura: Fjerne buskeiner og elles fristille søyleeineren rett aust for svingen på steingarden.
- Fjerne ung lauvskog i skråninga under feste på taubana.
- Rydde gråorskog slik at gravrøysa vert fristilt min 2 m.

Delområde B; Beitemarker, tidlegare slåttemark oppe på grusterrassen

Målet er å halde på preget av beitehage med restar av slåtteeng og unngå einerjungel.

- Fjerne all einer og lauv i sone 1 (det mest opne).
- Slå bringebær og bregne i dette området og mellom eineren i sone 2.
- Ta ut buskforma einer og lauvtre i sone 2.

Delområde D; Enga like sør for elva og elveosen

- Fjerne både einer og evt. lauvoppslag frå det opne arealet frå stranda og opp til terrasseskråninga ovanfor (sone 1).
- Tynne ut i terrasseskråninga, setje att søyle-einer (sone 2).

Delområde E; Beitemarka over stranda ved Flesjahamaren

- Halde enga mot stranda open og utvide bakover minst t.o.m. stien (sone 1).
- Fjerne einer i vestkanten mot Flasjehamaren og i austkanten heilt bort til ura (sone 2).
- Fjerne einer inn til stien.
- Halde det reint også 1,5 m breidde ovanfor stien (bra tilstand i dag).
- Utvide det opne området ved å rydde einer innover frå stien mot røysa bakanfor (sone 2 og 3).

For skjøtsel i sone 2 framfor gravhaugane sjå kap. ”Synleggjering av kulturminne”.

Ynskjelege tiltak, i prioritert rekkefylgje

Delområde E; Terrasseflata med einer sør for elva (sone 3)

- Ta ut daud og dauande einer.
- Tynne einer for å oppnå preg av einhage.

Delområde B;

- Rydde tilbake lauvoppslaget som går bogeforma inn på vestsida av den vestre ryggen (sone 3).
- Tynne ut eineren i sone 3.

Knytt til delområde E;

- Tynne eineren langs bukta vest for Flesjahamaren (sone 3).

6.2 Vedlikehald av arealet

Området lyt skjøttast aktivt også utover tiltaksperioden

- Det vert tilrådd å beite med sau på heile neset frå fyrste moglege slepptidspunkt fram til midt juni. Dyra lyt avsperrast oppover for å få dei til å halde seg i området i ynskt tid.
- Dersom det vert mogleg, tilrådest beiting med geit framfor beiting med sau. Dette krev ei betre inngjerding og meir tilsyn, sjå diskusjonen under.
- Årleg rydding av nye oppslag.

Diskusjonar kring beite

Ved avsperring av nokre få, allereie kjende plassar, vil ein kunne halde sau nede på neset. Dette kan vere aktuelt som forsommarbeite – fram til midt juni / St. Hans. Dyra vil gjerne til fjells, og dette vil vere eit noko dårlegare beite enn fjellbeite. Dyreeigar bør difor verte tilbydd ein viss kompensasjon for å utsette slepp på fjellet.

Dyretalet lyt avklarast direkte med dyreeigar som vil vite best kor mange sau/geit som kan beite i området på forsommaren utan å verte for hardt pressa (eit visst press lyt tillatast for å få ynskt effekt mot gjengroing). Det er lenge sidan det har vore aktivt forsommarbeiting i området. Dette var då med geit, og det er uvisst om dei vart tilleggsfora. Rett dyretal lyt difor tilpassast etter erfaringar gjort dei fyrste beitesesongane. Dette avheng dels av år- til- år-variasjonar, og dyreeigar bør ha rett til å flytte dyra før avtalt tidspunkt dersom det er naudsynt av omsyn til velferda til dyra

Dersom dagens bruk i samband med saubeiting skulle opphøyre, kan det vurderast å setje inn geit. Dette er ikkje aktuelt pr. i dag, då sambeite med sau og geit kan vere med på å spreie geitesjukdomar. Ein får godt utbytte av geit når det skal beitast med føremål om å halde areal opne. Men geita er ei større utfordring å gjerde inne. Det som vil kunne verte aktuelt er å setje på killingar, evt. kjøt/ullproduserande geit (ammegeit). Det finst ikkje ammegeit i Aurland pr. i dag. Killingar er vanskelegare å gjerde inn. Det vil krevje straumgjerde i overkant av neset nesten heile vegen og hyppig tilsyn. Dersom dette ekstraarbeidet er mogleg, vil det gjere det lettare å halde området opne. Geita har tradisjonelt beita på Fronnes fram til midten av juni. Etter dette vert det ofte for tørt.

6.3 Synleggjering av kulturminne

På temakart kulturminne er det avmerkt 4 kulturminnesoner:

Sone 1. gravrøys-samlinga

Sone 2. veit/sagbruk/møllelokalisering

Sone 3. tuft og gravhaug i aust

Sone 4. langs steingjerdet

Stølsvegen, med nyare og eldre veg over neset, er og eit viktig kulturminne.

I tillegg er det peikt ut nokre einskildminne:

- a) løypestrengsfeste, eldre, utan støyp
- b) taubanefeste, støypt med framleis fastmonterte vaierar
- c) nyare tuft på slåtteeing
- d) tuft etter stølshus
- e) nausttuft

Føreslegne tiltak:

Det er viktig å synleggjere kulturminne som toler dette, utan at dei vert skada. Det vil ikkje vere rett å gjennomføre tiltak knytt til alle kulturminna på lokaliteten. Nokre er difor vald ut.

6.3.1 Framrydding av gravminne

NB. Det viktigaste med tiltaka er å syte for utsyn frå haugane. Dette av di tiltaket då vil støtte oppunder den historiske grunngevinga for plasseringa av røysene.

- Rydde einer i framkant (sør, aust og vest) av kampesteinen som ligg ved stien mellom gravhaug nr. 2 og 3. Også rydde nok til å ta seg fram bak steinen for å nå røys nr. 1 og 2.
- Fjerne bjørker frå haug 6 og 8. For å unngå rotoppslag bør det vurderast å ringbarke og late treet døy før felling. Evt. kan dei lågaste greinene fjernast for å opne opp i staden for å felle treet.
- Fristille alle røysene i 1 m omkrets.
- Fjerne einer på framkanten av gravrøysene, slik at haug nr 5, 6, 7 og 8 synes frå fjorden. Fristille desse fire med 2 m. buffer (avmerkt som sone 2 på kartet).
- Haug 1 lyt det vurderast om fjerning av bjørka i framkant kan skade haugen.
- Informasjonstiltak: Det lyt i samband med informasjonsoppslag på staden gjerast merksam på at ein har med automatisk freda kulturminne å gjere, og kva for røysar som av denne årsak ikkje må rørast.

Førehandsreglar ved handsaming av gravrøysene:

- Berre vegetasjon over marka kan fjernast. Det må ikkje freistast å fjerne røter eller anna organisk materiale frå røysene.
- Det må ikkje nyttast sprøytemiddel på eller kring røysane, dette kan skade evt. organisk, arkeologisk materiale inne i haugane.
- Sjå elles vedlagde skriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune ang. skjøtting av automatisk freda kulturminne.

Det lyt takast kontakt med kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune for avklaring før iverksetting av eit kvart tiltak.

6.3.2 Tiltak ved nyare tids kulturminne

1. prioritet:

- Rydde fram steingjerde 1,5 m på kvar side (NB! Ikkje prøv å fjerne røter el. anna organisk materiale frå muren!
- Fjerning av lausøyre frå nausttufta

2. prioritet:

- Synleggjering av bruken av kraft frå elva (kan vere tema for eit informasjonstiltak, sjå tilrettelegging for friluftsliv): Fristilling av murar og fjerning av evt. oppslag i veitefar og tufter etter kvernhus og sagbruk, rydding av moglegheit til å gå langsmed veitefaret.

Tiltak som restaurering og skjøtsel av vegen og liknande vil vere positivt for det totale kulturmiljøet på Fronnes.

6.4 Tilrettelegging for friluftsliv

6.4.1 Leirbålplass

Det skal tilretteleggast for i alt tre leirbål / grill-plassar; ein i nærleiken av kvar av landingsplassane (strendene).

Alle plassane skal ha ein ring av grov stein som høver som avgrensing av bål og til å ha grillkol nedi. SNO gjer dette som eit skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet (jf verneforskrifta § 5).

Nordre strand (ved delområde A): Eksisterande bålrestar i strandkanten og opplagd stein her fjernast. Ny bålring etablerast heilt aust på stranda, utanfor badeområdet i overgang mellom sandstrand og steinstrand. Her er ikkje plass til benkar men det finst mange naturlege sitjeplassar på stein.

Midtre strand (på delområde D): Her er allereie ein godt oppbygd bål plass med benkar rundt. Denne kan halde fram. Bålring med bålrestar like nedanfor denne fjernast.

Søndre strand (på delområde F): Ny bålring etablerast tilbaketrekt på enga, ovanfor (vest for) stien. Låge benkar til å sitje på etter modell av bål plassen ved midtre strand kan lagast.

6.4.2 Telt plass

Ved søndre strand, aust for samlegjerdet, ovanfor (vest for) stien, sør for føreslegne bål plass kan einer ryddast i ei flate for plassering av mogleg lavvo. Nokre einer skal setjast att som ei skjerm mot stranda for å unngå at lavvoen verkar ekskluderande overfor besøkande. Lavvoen skal ikkje brukast til overnatting.

Dersom lavvo skal stå meir enn 2 veker må det liggje føre løyve i høve til verneforskrifta, dersom meir enn 4 mnd må det også søkjast om løyve i høve Plan- og bygningslova.

6.4.3 Utedo

Det bør setjast opp ein utedo der stien frå nordre strand går inn i skogen. Utedoen lyt plasserast diskret, men synleg. Bygget skal stå i kanten av gråorskogen, på baksida av steingjerdet. Tradisjonell opning i steingjerdet er no dels fylt opp av stein som har rast frå murkantane. Dette lyt opnast opp.

Det bør nyttast naturmateriale i toalettbygningen. Bygget kan gjerne formast som ei løe i den stilen som er vanleg i distriktet (lite bygg med kort takutspring og høvesvis spiss takvinkel, panel (raud eller umalt) og gjerne platetak). Den vil då passe godt inn i miljøet og vere eit naturleg bygg i utkanten av slåttemark. Komposteringsdo vil truleg vere det beste fordi ein må rekne med nokså stort behov og kanskje auke i behovet.

Oppføring av utedo må ha løyve i høve verneforskrifta og Plan- og bygningslova.

6.4.4 Informasjonsoppslag

Informasjonstavle/skilt bør setjast opp på delområde A og F. Aktuell informasjon er:

- Kart som syner minst: stiar, toalett og leirbålslokaltetar, faste kulturminne
- Oppmoding om å vise omsyn til beitedyr og andre besøkande
- Fredingsreglar for kulturminna

- Om verdsarvområdet generelt
- Fronnes sin kulturhistorie og tidlegare bruk.
- Den militære åtvaringa om skytefelt i fjellet

Statens naturoppsyn vil stå for oppsetting av tavle/skilt, sjølv om fleire kan stå bak informasjonen.

Plassering av hovudskilt

- Delområde A, austleg strand: Ei tavle med skilt lyt stå med bakken som bakgrunn, langt nok opp til å unngå springflo men ikkje høgare enn at ein unngår silhuett, sidestilt mot sjøen. Tilrådd plassering: i samband med taubanefestet, litt nordvest for dette.
- Delområde F, sørleg strand: Langs hovudstien, oppover mot ein kampestein med ei flate som høver godt som bakgrunn for eit skilt. Skiltet kan monterast i pleksiglas direkte på steinen.

Underordna skilt

På delområde D, synleg frå bålplassen, men ikkje frå fjorden bør det plasserast eit mindre skilt med pil til toalett og informasjon.

Flytting/ending av eksisterande skilt

På delområde F, sørleg strand, står eit militært åtvaringsskilt om skytefelt i fjellområda ovanfor. Dette bør innlemmast i det nye informasjonsoppslaget.

Kultursti

Ein kan om ynskjeleg setje opp temaskilt som i ein enkel kultursti. Ein bør unngå store skilt med temainformasjon. Det er betre å setje opp nummerskilt i tre og lage ein foldar som utplasserast i kassar på hovudopplaga (og på turistkontor o.l.). Foldaren har ein "kultursti" teikna inn med informativ tekst knytt til dei nummererte objekta.

Aktuelle lokaliseringar for temaoppslag/nummerskilt:

- Ved den store steinen, tema: gravhaugene som fenomen.
- Ved den største gravhaugen, tema: teoriar om opphavet til haugane.
- Ved uttaket til veita, tema: vasskraft i eldre tid
- Ved tuft for kvernhus, tema: kvernhus
- Ved tuft frå sagbruk: litt om dette sagbruket og at det finnast framleis
- Ved tufta til stølshus: om stølsdrift
- Ved steingjerdet, tema: slått/gjerdet sin funksjon
- Ved hovudstien, tema: stølsveg



Figur 10 Skiltet med åtvaring om skytefelt på Grindafletene bør samlokaliseras med informasjonsoppslag for Fronnes, på den store steinen.

6.4.5 Stiar

Hovudstien er stølsvegen frå Fronnes og oppover i Frondalen. Stien som nyttast i dag er i god stand innanfor det området planen omfattar. Han lyt haldast open i god breidde, min 1 m på kvar side. Den gamle traseen for dyredrift som gjekk frå elveosen og opp over terrasseflata er og avmerkt som hovudsti då dette er ein eldre trase av stølsvegen.

Småstiar: Halde dei som er avmerkt på kartet opne.

Avstikkar inn til fossen: Det er aukande bruk av denne stien. Stien har vore nytta av bruksrettshavarane, men han har aldri vore opparbeidd som sti. Ved vått ver er det fare for utgliding. I fylgje dei som er oftast på staden, guidane i padleselskapet, er det ikkje tilrådeleg for alle å gå fram til fossen på denne stien etter kraftig regnver. Strakstiltak er ikkje naudsynt, men den bør haldast under oppsyn. Dersom det oppstår skade på stien eller jordlaget i sida byrjar å gli ut, lyt det i verksetjast tiltak.

I so tilfelle bør ein støtte opp i underkant ved bolting og stokklegging i underkant av stien. Det bør ikkje setjast opp rekkverk, dette må likevel vurdast frå tid til annan, jf og at retten til fri ferdsel i utmark (allemannsretten) er på eige ansvar.

Bru: Ny bru kan setjast opp ovanfor kulpen under fossane, på den staden ho tradisjonelt har vore (krev løyve etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde).



Figur 11 Naturleg, og opphavleg plass for bru: det smalaste partiet ovanfor kulpen.

Kjelder og referansar:

Askeladden (<http://.askeladden.ra.no>) Database for kulturminne hjå Riksantikvaren. (Her refererast til Per Fett 1952: Førhistoriske minne i Sogn, Aurland prestegjeld og registreringa gjort i samband med Økonomisk kartverk i 1977, ansvarleg registrator: Svein Indreliid).

Flyfoto: S71 – 949 – E17 og S71 – 949 – E18 frå Fylkeskartkontoret i Sogn og Fjordane.

Fylkesatlas. (www.fylkesatlas.no) (Utskrifter pr. 01.05.06 på ulike tema, viktigast: Stadnamn og Stølar)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2004. Framlegg til: Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet; Verdsarvnomiasjon : Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rapport nr. x – 2004 (internt arbeidsdokumnet).

Ohnstad, A. 1996. Gardssoga for Aurland. Band III Ein del av Vangen sokn. Frå Loven til Frondalen.

Økonomisk kartverk, kartblad X068-5-3.

Munnlege kjelder:

Arne Lie, sagbrukseigar og tidlegare brukar av Frondalen

Kari Bø, tidlegare budeie i Frondalen

Johannes Ohnstad, tidlegare brukar av Fronnes


Erling Ohnstad, rettshavar og brukar av Fronnes og fjellstøl i Frondalen

Tore Ohnstad, rettshavar og tidlegare brukar av Fronnes og fjellstøl i Frondalen

Eivind Nordeide, Njord, selskap som nyttar Fronnes i samband med guida padleturar


Fronnes Skjøtsel og tilrettelegging

Vedlegg 1



Fronnes; kulturminne

Vedlegg 2



Vedlegg 3, Utdrag frå fornminneregisteret

Lokalitet - 66695 - Arkeologisk lokalitet - Gravfelt - Fetts fk.nr.4/1-8 og nyreg. Fronneset

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Gravfelt

Stedfesting

Fylke: Sogn og Fjordane **ØK-kart:** AX068-5-3
Kommune: Aurland

Gårdsnavn: Onstad

Eiendomsopplysninger

Kommune: Aurland
Gnr: 30 **Festenr:** 0
Bnr: 0 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: (sameige)

Geometri

Koordinatsystem: UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)
Nord: 6775492.5 **Øst:** 73854.625

Metadata på digital stedfesting:

Målemetode: 55 Digitalisert på dig.bord fra papirkopi

Oppretting og ansvar

Kontrollert

Dato: 09.07.1977 **Ansvarlig etat:**
Utført av: Svein Indrelid **Instans:**

Registert

Dato: 30.06.1976 **Ansvarlig etat:**
Utført av: Berit Gjerland og Asbjørn
Ramsøy **Instans:**
Registreringstype: Økonomisk kartverk
Flyfoto, serie: 949-E17 (R 001) **Tidligere idnummer:** 4-02988

Detaljer

Litteraturhenvisning:

Per Fett 1952: Førhistoriske minne i Sogn Aurland nrestedield

Beskrivelse:

Feltet er samansett av : 1. Røys (fk.nr. 4/1), ligg lengst SV, 10 m V for ei stor steinblokk, NV for Flesi, ein samle plass for sauer. Røysi er 12 m i tverrmål, 1,5 m høg med ein stor stein i midten. V for denne er eit djupt søkk. 2. Røys (fk.nr. 4/2), ligg inntil V-sida av den store steinblokka. Ho er 10 m i tverrmål, 1 m høg og har merke etter fleire utkastingar. 3. Røys (fk.nr. 4/3), ligg 2 m O for den store steinblokka. Ho er flat, 4-5 m i tverrmål 0,5 m høg. Noko utsegi og ikkje særleg klart markert. 4. Røys (fk.nr. 4/4), ligg 2 m O for 3, 3,5 m i tverrmål, mest heilt flat, lægre enn 0,5 m. 5. Røys (fk.nr. 4/5), ligg kant i kant med 4. Ho er 5 m i tverrmål, 0,5 m høg og har søkk i midten. 6. Røys (fk.nr. 4/6), ligg ca 30 m O for 5. Ho er 8-10 m i tverrmål, 1 m høg. 7. Røys (fk.nr. 4/7), ligg ca. 10 m NNO for 6. Ho er 12 m i tverrmål, 1,5 m høg. Søkk i midten. 8. Røys (fk.nr. 4/8), ligg 2 m OSO for 7, og på ei hylle, noko lægre enn dei andre røysane. Ho er ca. 12 m i tverrmål, 1 m høg, noko utsegi og er utkasta i midten. 9. Røys (nyregistrering 9/7 1977), ligg 16 m NO for 7. Ho er sterkt overgrodd av einer og vanskeleg å få mål på, men synest i alle høve vera 10 m lang og noko smalare. Det er mogleg ho kan tolkast som to smårøysar som ligg kant i kant.

Terrengbeskrivelse:

Feltet ligg på Fronneset, på V-sida av fjorden, i utmark. Mykje av området er tett tilgrodd av lauvskog og einerkratt. Røysane ligg på S-sida av elvi, ytst på kanten av ein terrasse, i ei lengd av vel 150 m, med godt utsyn innover mot Fretheim, utover fjorden og tvert over til Otternes. Bakanfor i V og NV ligg Helleberget med Hellebergurdi. Stien til den nedlagde garden Frondalen tek opp her.

Tilhørende enkeltminner

- R [1](#) Gravrøys AUT
- R [2](#) Gravrøys AUT
- R [3](#) Gravrøys AUT
- R [4](#) Gravrøys AUT
- R [5](#) Gravrøys AUT
- R [6](#) Gravrøys AUT
- R [7](#) Gravrøys AUT
- R [8](#) Gravrøys AUT
- R [9](#) Gravrøys AUT

Vernestatus for lokalitet

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf:
Vedtak:

Vernedato: 30.06.1976
Tinglystdato:
Verdensarvstatus: Ja

Lokalitet - 60456 - Arkeologisk lokalitet - Annen arkeologisk lokalitet - Nyregistrering Fronneset

Klassifisering

Kategori: Arkeologisk lokalitet **Art:** Annen arkeologisk lokalitet

Stedfesting

Fylke: Sogn og Fjordane **ØK-kart:** AX068-5-3
Kommune: Aurland

Gårdsnavn: Onstad

Eiendomsopplysninger

Kommune: Aurland
Gnr: 30 **Festenr:** 0
Bnr: 0 **Seksjonsnr:** 0
Bruksnavn: (Utmark)

Geometri

Koordinatsystem: UTM sone 33 (EUREF89/WGS84)

Nord: 6775734.5 **Øst:** 73927.19

Metadata på digital stedfesting:

Målemetode: 55 Digitalisert på dig.bord fra papirkopi

Oppretting og ansvar

Registert

Dato: 09.07.1977 **Ansvarlig etat:**
Utført av: Svein Indrelid **Instans:**
Registreringstype: Økonomisk kartverk
Flyfoto, serie: 949-E17 (R 002) **Tidligere idnummer:** 4-02989

Detaljer

Beskrivelse:

Samlingi er samansett av: 1. Røys, ligg heilt i SO-enden av det skogfrie området, 10 m frå skråningi ned mot sjøen. Ho er 6 m i tverrmål, 0,5 m høg, bygd av kantrunda morenestein. Fleire små søkk i midten. 2. Tuft, ligg 27 m NV for 1, synleg som eit svakt søkk i marki, men rette veggkantar er godt synlege, særleg i S og V. Tufti synest vera rektangulær, orientert omlag NV-SO, innvendes mål ca. 5 x 4 m. Eit stikk nær sentrum synte mørk grå kulturjord frå 5 til 15 cm under torvetoppen. Fleire små trekolbitar (3-4 mm store) fanst i stikket. To kontrollstikk utanfor synte lysare og meir naturleg jordsmonn.

Terrengbeskrivelse:

Samlingi ligg på Fronneset, på N-sida av elvi, på eit overflatedyrka beiteområde. Ein steingard avgrensar området mot NV og V. Lauvskog i V og S.

Tilhørende enkeltminner

📖 [1](#) Gravrøys AUT

📖 [2](#) Tuft AUT

Vernestatus for lokalitet

Vernetype: Automatisk fredet
Lovgrunnlag: Kulturminneloven av 1978
Paragraf:
Vedtak:

Vernedato: 09.07.1977
Tinglystdato:
Verdensarvstatus: Ja

Vedlegg 4. Verneforskrift; Nærøyfjorden landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I KOMMUNANE AURLAND OG VIK I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.

Fastsett ved kgl. res. 8.11.02. med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5¹ og §6 jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2

Vik kommune: 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2

Voss kommune: 80/1, 4, 149/3, 4, 150/1, 4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca 576 km², landareal på ca 547 km². Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

§ 2. FØREMÅL

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

§ 3. VERNEREGLAR

1. Landskapet, plante- og dyrelivet.

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Vedlegg 4. Verneforskrift; Nærøyfjorden landskapsvernområde

¹ Retta av Miljøverndepartementet 11. november 2002

Dette gjeld til dømes:

- a) Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmende.
- b) Nydyrking, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet.
- c) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vegar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- d) Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.
- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.

Vedlegg 4. Verneforskrift; Nærøyfjorden landskapsvernområde

- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebrukssamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsynt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

2. Motorferdsel

2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein òg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernområdet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.

Vedlegg 4. Verneforskrift; Nærøyfjorden landskapsvernområde

- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stølar o.l. Motorkøyrety kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eigedom til fast bustad.
- f) Naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift. Lufttransport skal meldast til oppsynet før transporten tek til.
- g) Militær lågtflyging.
- h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

2.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

§ 4. UNNTAK I SÆRSKILDE HØVE

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5. FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare gitte retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 6. FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

§ 7. RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet.

§ 8. IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.